

Kvam Høgre – NOU 2019:18

Uttale til NOU 2019:18 Skattlegging av havbruksvirksomhet

KVAM HØGRE

24. januar 2020
Skrevet av: Frode Skeie

Kvam Høgre – NOU 2019:18

Uttale til NOU 2019:18 Skattlegging av havbruksvirksomhet

Uttale vedteken på Kvam Høgre sitt årsmøte XX.0X.2020.

Kvam Høgre meiner innføring av denne særskatten vil slå uheldig ut i vårt lokalsamfunn som er avhengig av denne næringa. I Kvam herad kjøper næringa lokale tenester for omlag 50 millioner kroner. I tillegg arbeider det kring 70 personar direkte i næringa. Slik forslaget er utforma vil beskatninga koma storsamfunnet til gode, men i liten grad lokalsamfunna. Oppdrett har, som all anna produksjonsverksemd, eit miljøavtrykk. Lokalsamfunna som stiller deler av naturressursane sine til disposisjon for oppdrett, må også høsta fordelane av denne. Det er ikkje berre arbeidsplassane hos oppdrettarane som kan stå i fare når det gjeld denne særskatten, men også alle underleverandørene som leverer varer og tenester til næringa.

Dei fleste småkommunar i landet vårt slit med fråflytting. For å få ungdomane våre til å busetja seg i kommunen vår, treng me eit næringsliv som har forutsigbare og ordna rammer. Oppdrettsnæringa har i stor grad bidrege til dette i Kvam. Skal me få snudd den negative utviklinga i samanheng med aldersdemografi i distrikta, må næringslivets positive ringverknadar for lokalsamfunn verdsetjast.

I rapporten framlagt av havbruksskatteutvalet, samanliknar ein oppdrettsbransjen med oljeutvinning og kraftindustrien. Kvam Høgre meiner dette er ein feil samanlikning. Både nemnde industriar utnyttar naturressursen direkte. Oljeselskapa produserer olje som ligg lagra i reservoar under bakken, medan kraftselskapa utnyttar rennande vatn. Oppdrettsselskapa «leiger» areal i naturen der dei setter ut eigenutvikla smolt for vidare vekst. Sårbarhet for ein biologisk produksjon kan ikkje samanliknast med produksjon av ferdigutvikla av naturprodukt.

Arealsskatt

Oppdrettsnæringa «leiger» areal av innbyggjarane i Kvam herad. Kvam Høgre ynskjer at det heller skal utgreiast ein arealbeskatning av havbruksnæringa. Hovuddelen av denne må gå til vertskommunane som kompensasjon for bruk av lokale naturressursar.

Ein ny havbruksskatt bør vera justerbar slik at bedriftene får reduserte utgifter dersom dei får reduserte inntekter, som fylgje av t.d. at marknaden eller biologien går dårleg i periodar. Dette er viktig for at næringa skal kome gjennom kriser, som t.d. algekrise deler av produksjonen vart ramma av i fjor. Oppdrettsnæringa er subsidiefri. Skal ein sikre langsiktige arbeidsplasser treng ein bistand i kriser. Forslaget som ligg på bordet no baserer seg på at det alltid er gode tider, utan å ta høgd for nedgangstider eller problemstillingar ved ein biologisk produksjon.

Kvam Høgre meiner at bruk av våre naturressursar må komma vår kommune til gode. Stortinget må bremsa sentraliseringa av pengestraumar. Forslaget som ligg ute til høyring no vil bidra til å forsterka flyttestraumen til Oslo, og senka incentivet til distriktskommunane for å leggja til rette for lokalt næringsliv.

Kvam Høgre